



FUSA
KOMMUNE



FUSA SOM SJØLVSTENDIG KOMMUNE?



I denne foldar vil de finna fordelar og ulemper dersom Fusa kommune skal stå aleine.

IDENTITET

Fusaidentiteten kan blir borte i ein samanslått kommune.

KVIFOR FUSA ÅLEINE?

Kommunen vår er bygd opp av små bygdesamfunn der enkeltmennesket blir sett og tatt vare på. Mange meiner nærleik til skule, barnehage, beredskapstenester og andre kommunale tenester òg er viktig. Levande grender er attraktive for folk som vil bort frå bylivet.

I Fusa har vi stort politisk engasjement, og det er kort veg til beslutningane. Sjølvråderetten er sentral for å kunna ha kontroll med samfunnsutviklinga i Fusa.

EIGEDOMSSKATT

I dag har Fusa kommune ei årleg inntekt på ca. kr 14 millionar i eigedomsskatt, som vi sjølve disponerer.

FRIVILLIG SEKTOR

Frivillig sektor i Fusa har høg verdi. Frivillig innsats innan idrett og kultur er uvurderleg. Vi er avhengige av godt samarbeid mellom kommunen, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.

VEKSTPOTENSIAL

Fusa kommune har rikeleg med areal og nærleik til den nest største byen i landet. Det ligg derfor godt til rette for vidare vekst innan næringslivet og i folketalet.

ØKONOMI

Fusa har moderat lånegjeld. Skal Fusa kommune også i framtida levera gode tenester, er vi avhengige av tilstrekkelege økonomiske rammer, kapasitet og fagkompetanse.

UTFORDRINGAR VED Å STÅ ÅLEINE

Fusa kommune har knappe økonomiske rammer, og effektivisering av drifta vil måtta halda fram. Det nye inntektssystemet slår negativt ut. I små kommunar kan ein lett bli ugild. Vi er sårbare på enkelte tenesteområde der det er krav om spisskompetanse. Om vi vert ståande åleine, kan me då bli oppfatta som lite attraktive? Eller kan me like fort bli attraktive?

INNBYGGJARANE MÅ SEIA SITT

Det er innbyggjarane i Fusa som best kjenner sine ynskje og behov. Vi ynskjer å høyra di meining. Ei meningsmåling vil vera rådgjevande for kommunepolitikarane som skal fatta vedtak den 22. juni.

VIKTIGE DATOAR

7. JUNI

Folkemøte på Fusa vidaregåande skule
kl. 18:00

9. - 12. JUNI

Meiningsmåling

22. JUNI

Saka vert avgjort i kommunestyret

fusa.kommune.no

2016